

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/21	Utval for næringutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Hellandhusdyr - GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen* blir tildelt kr 24 400 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringutvikling og drift 10.11.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 114/21 Vedtak:

Prosjektet *GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen* blir tildelt kr 24 400 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringutvikling og drift.

Bakgrunn

Hellandshusdyr er eit einpersoneforetak. Bransje: 01.451 Sauehold. Registrert 04.09.2017. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda har vinterfora villsau. Dei har ein del innmarksområde til disposisjon og sauene går no på innmarksbeite. Dette har søkjar i hovudsak rydda og inngjerda sjølv.

Om prosjektet

Området rundt "Peparen" og "Hestefjellet" nyttast mykje til turgåing, også av barnehage/skule etc. Søkjar disponerer eit utmarksområde i dette området, familie-eigd (Gbr nr 132-1). Delar av området er nyplanta granskog. Søkjar ønsker å få nytte området til beite og å vedlikehalde dette utmarksområdet. Det er kostbart og tidkrevande å gjerde inn eit stort område, og det er utfordrande å halde kontroll over gjerda, som også er i vegen for turgåarar/dyr.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjar ønsker derfor å søke om stønad til "nofence"/GPS-halsband til villsau for å spare ressursar til inngjerding, kunne drive meir lønnsamt og opprette eit trygt beiteområde i nærleik av turgåing, barnehage og skule.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen	49 302	27 915	24 400

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemdar og berekraftig utvikling.

Vedlegg i saken:

03.11.2021 Hellandshusdyr, søknadsskjema

1635509